



Arkivsak: 144  
Arkivnr: 2017/3824-27  
Saksbehandlar: Ambjørge Reinsnos, David J. Aasen Sandven, Øystein Monsen, Gunhild Raddum, Trond Olav Wahl, Lene Omdahl, Cathrine Grasdahl Eva Katrine Taule

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		20.11.2019

## Fråsegn til kommuneplanen sin arealdel for Sund kommune

### Samandrag

Sund kommune har sendt kommuneplanen sin arealdel på høyring med frist 13. desember 2019. Rulleringa av planen gjeld utvalde tema, og er forankra i gjeldande planstrategi vedtatt i Sund kommunestyre 13. juni 2016. Sund kommune vil frå 01.01.2020 vere del av nye Øygarden kommune. Arealdelen til kommuneplanen inneheld plankart, føresegnar, planskildring og konsekvensutgreiing (KU). I tillegg føreligg delrapport om funksjonell strandsone og kunnskapsgrunnlag knytt til areal for akvakultur.

Skogsskiftet er i dag kommunesenter i Sund, men etter samanslåing med Øygarden og Fjell, vil Skogsskiftet få status som lokalsenter. Sund kommune arbeider med Skogsskiftet i kommunedelplan og detaljregulering. Desse planane blir ikkje handsama i denne saka.

Sund kommune har valt tre hovudtema for rulleringa: bustadutvikling, næringsareal og tilgang til sjø for allmenta. Folkehelse skal vere eit overordna fokus i planarbeidet. Desse prioriteringane speglar arealstrategiane i kommuneplanen sin samfunnsdel, vedteken juni 2018. Etter fylkesrådmannen si vurdering har forslag til kommuneplanen sin arealdel for Sund kommune mål og føringar som på fleire område er godt i samsvar med ønska regional utvikling og med regionale planar. Fylkesrådmannen har likevel nokre merknader til einskilde tema, gitt nedanfor.

Fylkesrådmannen vurderer at planmaterialet som omfattande, men noko uoversiktleg. Dette gjeld særleg tilhøvet mellom kart og konsekvensutgreiing, men også sjølve plankartet er prega av overlappende, unøyaktige linjer.

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet (RATP) legg føringar for arealforvaltninga i området, som også femner om Sund kommune. Eit hovudprinsipp i planen er fortetting i vekstsona og prioritering av effektiv kollektivtransport. Kommunen ligg utanfor planen sin definerte vekstsona, og prinsippet om differensiert arealforvaltning er difor særleg relevant for kommuneplanen sin arealdel (KPA) i Sund. Her skal areal for landbruk, naturmangfald, landskap, kulturmiljø og friluftsliv takast særleg omsyn til.

Fleire bustadbygg i Sund ligg i føremål avsett til større samanhengande landbruk-, natur- og friluftsføremål (LNF). Kommunen ønsker ikkje å vidareføre desse bustadene i LNF-formål, og har difor vurdert meir eigna formål for desse i planframlegget. Fylkesrådmannen vurderer at dette er eit godt grep. Samstundes ser ein at det er tatt inn areal i plankartet som etter fagleg vurdering var rådd frå i konsekvensutgreiinga, og i liten grad grunngjeve desse. Utvikling av nokre av desse areala vil råke både landbruk og landskapsverdiar,

friluftsområde og sårbart kulturlandskap. Fylkesrådmannen meiner kommunen skulle vore meir konsekvent her, og stør dei faglege frårådingane.

I planskildringa har ein gjort ei god framstilling av eksisterande bustadareal. Ein har ikkje vist ei framstilling av bustadarealreserve eller tal på bustader etter føreliggande plan. Jamfør RATP bør bustadplanlegging vere basert på prognoser for utvikling i befolkning og hushaldssamansetting, slik at behovet er definert på bustadtype. I planframlegget legg ein likevel framskrivning med 2,5 personar i hushalda til grunn. Fylkesrådmannen meiner at bustadarealreserven og bustadreserve bør bli gjort synleg i planen.

Senterstruktur, hierarkiet mellom dei ulike senternivåa og senterutstrekning er særleg viktige fokus i Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026. Sund kommune har arbeidd med senterstruktur, og legg opp til 5 nærsenter: Stranda/Forland, Klokkarvik, Spildepollen, Telavåg og Glesvær. Skogsskiftet vil vere lokalsenter i nye Øygarden kommune. Klokkarvik, Glesvær og Telavåg er trekt fram som historiske nærsenter. Dette er eit høgt tal prioriterte senter, som ligg relativt tett. Fylkesrådmannen stiller spørsmål ved om det vil vere tenleg å legge til rette for fleire bustadareal i alle senterområda, og vil vidare rå til at ein særleg arbeider vidare med senterstruktur inn i ny kommune. Vidare vil fylkesrådmannen rå kommunen til å vere enda tydelegare i prioriteringa av dei ulike senterområda, og avgrense bustadutviklinga der det manglar trafikksikker tilkomst og eit tilfredstillande kollektivtilbod til daglege gjeremål.

Fylkesrådmannen vurderer det som positivt at Sund kommune sikrar klimagassreduksjon gjennom føresegnar som syter for at naturverdiar som bidreg til lagring eller minska utslepp blir tatt i vare. Kommunen har òg fokus på klimavennleg bygging med tanke på materiale og energiforsyning. Fylkesrådmannen vil også peike på at kommunen vidare bør vurdere fare for flaum og overvasskader med tanke på framtidig nedbørsmengd.

Fylkesrådmannen vil framheve at det er positivt at Sund kommune fokuserer på folkehelse gjennom nærturterreng og vidare arbeid for å sikre mangfald i bustadtilbodet. Vi vil dessutan peike på verdien av å legge til rette for gode og uformelle sosiale møteplassar. I Sund kommune har ein mykje verdifult landskap og friluftsområde, og fylkesrådmannen registrerer at dette er kartlagt og verdsett gjennom prosjekt i Sund. Det vil vere ei føremon om dette blei gjort meir synleg i planarbeidet.

Sund kommune har gjennomført ei kartlegging av funksjonell strandsone, som inneber analyse av strandsona sin kvalitet og verdi knytt til biologisk mangfald, landskap, kulturmiljø, bygningsmiljø og tilgjenge for allmenta. Fylkesrådmannen finn det svært positivt at kommunen her gjennomført ei slik kartlegging, meiner delrapporten som er utarbeidd gjev eit god fagleg grunnlag for planlegging i strandsona. Etter fylkesrådmannen si vurdering er omfanget og talet på småbåthamner noko stort, og kommunen har heller ikkje gjennomført ei overordna vurdering av det samla behovet i kommunen, og kor det er mest eigna for å legge til rette for nye småbåthamner. Vidare meiner fylkesrådmannen at arealføremålet småbåthamn bør nyttast på anlegg for småbåtar som er opne for allmenta, og ikkje knytt til nærare fastsette eigedomar.

Fylkesrådmannen meiner at kommunen planlegg områda for akvakultur slik at ein tar høgd for næringsutvikling både med omsyn til omstrukturering av lokalitetane og moglegheit for ny teknologi og nye arter. I føresegnene til planen legg Sund kommune opp til at kommunen kan krevje reguleringsplan utifrå eigen vurdering knytt til art og/eller omfang. Fylkesrådmannen vurderer at det ikkje er tenleg, då dette blir teke i vare gjennom arealføremål i KPA og vidare gjennom fylkeskommunen sin handsaming av søknader etter akvakulturlova.

Fylkesrådmannen ser det som positivt at Sund kommune har lagt fram eit planforslag som bidreg til å sikre freda og verneverdige kulturminne. Fylkesrådmannen ser likevel at tema kulturminne og kulturmiljø er mangelfullt utgreidd, og fleire av arealføremåla tatt inn i kartet, er i konflikt eller tett på kulturminne og regionalt viktige kulturmiljø. Ei rekke automatisk freda kulturminne er ikkje vist med omsynssoner i plankartet, fleire er vist med feil geometri og er ikkje kopla mot retningslinene på ein forståeleg måte. Fylkesrådmannen saknar omtale av krigsminne, og vidare ei vurdering av potensial for funn av automatisk freda kulturminne for nye arealføremål der det ikkje er kjend automatisk freda kulturminne like i nærleiken.

**Forslag til vedtak**

1. Kommuneplanens sin arealdel for Sund kommune legg føringar for utviklinga i kommunen, som i stor grad er i samsvar med ønska regional utvikling og regionale planar.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner kvaliteten på plankartet må utbetrast for at planen skal kunne vere eit juridisk haldbart og leseleg dokument.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling rår kommunen til å vere enda tydelegare i prioriteringa av dei ulike senterområda og klargjera sentrumsutstrekning i samsvar med Regional plan for attraktive senter. Bustadutviklinga bør avgrensast der det manglar trafikksikker tilkomst og tilfredstillande kollektivtilbod til daglege gjeremål.
4. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at bustadarealreserve og bustadreserve blir gjort synleg i planarbeidet.
6. Prinsipp om differensiert arealforvaltning i Regional areal- og transportplan for Bergensområdet er gjeldande for Sund kommune. Utval for kultur, idrett og regional utvikling rår i samsvar med dette frå areal for bustad i Glesvær (KU 59) og Kleppe (KU 18), areal for næring på Kausland (KU 54), Nordre Toft (KU 29), Golta (KU 63) og Håkholmen (KU 24) og areal for LNF-spreidd på Vorland (KU 63), Høyland (KU 15) og Lerøyna (KU 8).
7. Utval for kultur, idrett- og regional utvikling finn det svært positivt at kommunen har gjennomført ei kartlegging av funksjonell strandsoner, inkludert ei analyse av strandsona sin kvalitet og verdi knytt til biologisk mangfald, landskap, kulturmiljø, bygningsmiljø og tilgjenge for allmenta. Det er og positivt at funksjonell strandsoner er lagt til grunn for å utforme byggegrensa mot sjø.
8. Kommunen har som mål at kommuneplanen skal bidra til å betre tilgangen til sjø for allmenta. Utval for kultur, idrett- og regional utvikling meiner at det samla omfanget og talet på småbåthamner er for stort og kan bidra til utan at det er gjennomført ei overordna vurdering av samla behov. Utvalet ber kommunen om å vurdere følgjande områder på nytt, i lys av ei heilskapleg behovsvurdering: Område: Høylandsvika (KU 14), Hamre (KU 27), Vorland (KU 38) og Eidesund (KU 40), Glesnes, Vollen (KU 57) .
9. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner det er positivt at kommunen har tatt med innspela gjeve tidlegare i prosessen, og planlegg områda for akvakultur slik at ein tar høgd for næringsutvikling både med omsyn til omstrukturering av lokalitetane og nye artar.
10. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at det ikkje er tenleg for kommunen etter eiga skjøn å sette krav om reguleringsplan for akvakultur-areal.
11. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at kommunen ikkje bør fjerne akvakulturområda da desse kan brukas til oppdrett av andre artar.
12. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner Sund kommune har laga ein arealplan med føresegnar og retningslinjer som til ein viss grad bidreg til å sikre langsiktig vern av kulturminne og kulturmiljø.

13. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at framlegg til kommuneplanen sin arealdel 2019-2026 for Sund kommune er i konflikt med nasjonale og regionale kulturminneverdiar, og har motsegn til følgjande punkt i planframlegget:

a) Dei generelle føresegnene for kulturminne, § 1.2.2, vil ikkje bidra til ei føreseieleg og god sakshandsaming av kulturminne. *Motsegna vert trekt om teksten vert meir utfyllande og konkret, jf. punkt 2a) i saksutgreiinga.*

b) Område som er bandlagt etter kulturminnelova (sosi-kode H730) har ikkje tilstrekkelege føresegner. *Motsegna vert trekt om føresegnene blir meir spesifikke, jf. punkt 2b) i saksutgreiinga.*

c) Utval for kultur, idrett og regional utvikling fremjar motsegn mot arealformål BN44 og SHA ved Austefjorden grunna konflikt med nasjonale kulturminneinteresser. *Motsegna vert trekt dersom arealformåla vert justert, jf. punkt 2c) i saksutgreiinga.*

d) Utval for kultur, idrett og regional utvikling fremjar motsegn mot arealformål GF2 Visterøy og omsynssone H810\_16 grunna konflikt med nasjonale og regionale kulturminneinteresser. *Motsegna vert trekt dersom arealformålet vert tatt ut av planforslaget eller det vert knytt føresegner til formålet som sikrar kulturminneinteressene på staden.*

e) Ei rekkje automatisk freda kulturminne er ikkje vist med omsynssone H730 i plankartet, og fleire er vist med feil geometri. *Motsegna vert trekt om alle automatisk freda kulturminne i kommunen, inkludert dei som ligg i omsynssone H910, vert vist i plankartet med rett geometri.*

f) Omsynssonene H570 er ikkje nummerert i plankartet, og er ikkje kopla mot retningslinene på ein forståeleg måte. *Motsegna vert trekt om omsynssonene H570 får unik nummerering i plankartet, og vert lista opp i planomtalen med namn og/eller gards- og bruksnummer.*

g) Ny utstrekning på omsynssone H570 for Kvalvågen/Skaganeset er ikkje tilstrekkeleg for å gje eit godt og føreseieleg vern av kulturmiljøet i vågen. *Motsegna vert trekt om utstrekninga på omsynssone H570 Kvalvågen/Skaganeset i gjeldande KPA vert vidareført.*

14. Utval for kultur, idrett og regional utvikling har følgjande særskilte merknader i høve kulturminneinteresser i kommuneplanen sin arealdel:

a) Hordaland fylkeskommune ber om at kommunen jobbar vidare med å etablere fleire omsynssoner H570 for bevaring av kulturmiljø, og at desse vert tatt med inn i det vidare arbeidet med ein samla kommunedelplan for kulturminne for nye Øygarden kommune frå 2020.

b) Hordaland fylkeskommune ber om at ein i § 7.10 som gjeld retningsliner for omsynssoner H570 tek med følgjande tekst: «Saker som gjeld tiltak i og nær ved omsynssonene skal sendast til fylkeskommunen for vurdering av kulturminneinteresser.»

c) Hordaland fylkeskommune ber om at arealformål VS Hummelsund vert tatt ut av planforslaget, då arealformålet legg til rette for ei innsnevring av sundet og utilbørleg skjemming av kulturmiljøet Hummelsund.

d) Hordaland fylkeskommune ber om at det vert lagt ei omsynssone H570 over Visterøy og Buarøy. På øyene finst krigsminne frå både andre verdskrigen og frå den kalde krigen, av nasjonal og regional kulturminneinteresse. Buarøy har status som militærhistorisk landskap verneklasse 2 i Landsverneplan for Forsvaret.

e) Hordaland fylkeskommunen må ta atterhald om arealbruken i kommuneplanen inntil § 9 i kulturminnelova er oppfylt, og tilhøva til automatisk freda kulturminne er avklart.

f) Hordaland fylkeskommune rår ifrå utviding av næringsarealet ved Golta med bakgrunn i kulturminneinteressene i området.

g) Riksantikvaren ber om at følgjande føresegner knytt til forvaltinga av mellomalderkyrkjestadene vert innarbeidd i kommuneplanen:

*«Den mellomalderske kyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging.*

*Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova.»*

Ingrid Holm Svendsen  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør for regional utvikling

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Fylkesrådmannen, 04.11.2019

## 1. Bakgrunn

Sund kommune har sendt arealdelen til kommuneplanen(KPA) på høyring med frist 13. november 2019. Planframlegget blir handsama i Utval for kultur, idrett og regional utvikling 20. november, og fylkeskommunen har fått utsett frist til protokoll frå møtet føreligg.

Hordaland fylkeskommune vurderer planen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. Utval for kultur, idrett og regional utvikling kan gje fråsegn og fremje motsegn til planen dersom viktige regionale og nasjonale interesser står på spel.

Når motsegn blir fremma må kommunen endre planen, som regel etter å ha drøfta problemstillingar og løysingar i møte med fylkeskommunen. Dei fleste motsegnene blir avklart i møte med kommunen, men dersom det ikkje blir semje vil planen gå til mekling hos Fylkesmannen i Vestland.

Dersom faglege tilrådingar om motsegn på bakgrunn av nasjonale kulturminneinteresser ikkje vert fylgt opp av politiske organ i fylkeskommunen, skal fylkeskommunen gje melding om dette til Riksantikvaren som kan fremja motsegn i saka. (jf. Forskrift til Kulturminnelova kap. 1, § 3)

Fylkeskommunen må ta atterhald om alle byggeområde i planen til undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova er oppfylt. Dette gjeld både land og sjøområde.

### 1.1 Planprosess og medverknad

Hordaland fylkeskommune har gitt innspel til planprogrammet i brev av 07.06.2017. KPA for Sund har vore drøfta i regionalt planforum 29.01.2019. Sund la først forslaget til kommuneplanens sin arealdel til offentleg ettersyn og høyring 15.07.2019, men saka blei sidan trekt. Kommunedelplan og detaljregulering for Skogsskiftet føregår i eigen prosess, og blir ikkje handsama i denne saka. Planprosessen går no tett opp mot samanslåingsprosess og nye Øygarden kommune, og etter fylkesrådmannens vurdering har dette i nokon grad prega planarbeidet. Det sett opp eit ekstra møte i Utval for kultur, idrett og regional utvikling i Hordaland for å handsame KPA for Sund.

## 2. Innhald i planen

I dette avsnittet blir innhaldet i planforslaget kort referert, utan vurdering av konsekvensar for regionale interesser.

Planen inneheld følgande dokument

- Plankart
- Føresegner
- Planskildring
- Konsekvensutgreiing og ROS-analyse

Arealstrategi frå kommuneplanen sin samfunnsdel blir lagt til grunn i arbeidet:

- Sund kommune vil satsa på vidare utvikling av Skogsskiftet som kommunedelsenter og Sund, Forland og Spildepollen som lokalsentra. Hovudtyngd av bustadutbygging og tenesteutvikling vert knytt opp mot utviklinga av desse sentra.
- Sund kommune ynskjer også i det vidare å sikra ei positiv utvikling i bygdene elles – med at det vert sett av areal til bustadbygging for å gje ein naturleg vedlikehaldsvekst. Planlegginga må sikra arealøkonomisk utvikling.

- Sund kommune vil sikra ein rimeleg arealreserve for vidare næringsutvikling. Areala må vera tilpassa dei føresetnadene ny næring må leggja til grunn. Dette gjeld og areal i sjø.

I denne rulleringa av kommuneplanen sin arealdel i Sund kommune, skal folkehelse vere eit gjennomgåande fokusområde. Vidare er det tre hovudtema for rulleringa:

- Sikre vidare bustadutvikling i kommunen
- Sikre næringsareal
- Leggje til rette for tilgang til sjø for allmenta

Multiconsult har vore leigd inn som konsulent og bidrege i utarbeidinga av planen

### 3.Vurdering av regionale interesser

I dette avsnittet vurderer vi i kva grad regionale interesser er ivaretatt i planen. Det er lagt mest vekt på tema som planen ikkje har tatt tilstrekkeleg omsyn til og som har vore sentrale i tidlegare innspel. Omtale av arealformål i planen er å finne oppsummert i kapittel 4.

#### 3.1 Generelt om planen

I følge planskildringa, var kommuneplanen sin samfunnsdel vedteken i 2018. Hordaland fylkeskommune har ikkje motteke denne til offentleg gjennomsyn, og dermed ikkje gjeve fråsegn til denne. Revisjonen av kommuneplanen sin arealdel på utvalde tema, er forankra i gjeldande planstrategi vedtatt i Sund kommunestyre 13. juni 2016.

Sidan førre arealdel til kommuneplanen blei vedtatt i 2011, har forventningar og føringar til kommunal planlegging endra seg. I planprogrammet kap. 5, tabell 3 gjorde ein greie for eksisterande og naudsynte utgreiingar. Ein vurderte behov for landskapsanalyse, kartlegging av areal til marina/fellesareal ved sjø, behovsanalysar for bustadkvotar i LNF-spreidd og nye bustadføremål, og kartlegging av behov knytt til akvakultur. Når no planen ligg føre, har ein lagt ved kunnskapsgrunnlag for funksjonell strandsone og areal for akvakultur. Fylkesrådmannen ser at mykje ryddarbeid er gjort i planen, særleg med tanke på bustader i LNF-spreidd, men vi kan ikkje sjå at det er lagt ved eit kunnskapsgrunnlag med landskapsanalyse, analyse av framtidig bustadareal og kvotar, slik planprogrammet legg opp til.

Fylkesrådmannen vurderer at Sund kommune har gode siktemål for planarbeidet, men at planarbeidet på fleire område er uoversiktleg.

#### Plankart og føresegner

Føresegnene er ryddig framstilt. Med tanke på tilgjenge og medverknad, er det svært positivt at ein hjelper lesaren med ei avklaring av omgrep først i dokumentet. Vidare kunne det vore nyttig med ei innhaldsoversikt.

Reguleringsplanar skal vere oppdaterte, både planfagleg og for å ivareta private og offentlege interesser som vert påverka av utbygginga. I samband med rulleringa har Sund kommune gjennomgått alle gjeldande reguleringsplanar. I planskildringa har dette temaet fått eit kapittel, der tilhøvet mellom eldre reguleringsplanar og arealdelen er gjort etter følgjande inndeling:

1. Reguleringsplanar skal gjelde fullt ut
2. Reguleringsplanar skal gjelde, men enkelte tema og føresegner i arealdelen overstyrer reguleringsplanen. Døme på dette er byggegrense mot sjø.
3. Reguleringsplanen skal ikkje gjelde. Arealdelen overstyrer reguleringsplanen fullt ut.

Plankartet er utydeleg med mykje overlappande liner og felt, som nokre stader gjer t.d. mindre føremål i strandsona nær heilt tildekt og vanskeleg å sjå utstrekninga av. Vidare er nye bustadføremål utan plankrav og LNF-føremål merkt høvesvis B og L utan løpenummer, med unnatak for arealføremåla som har gjennomføringszone H810. Det er slik ikkje mogeleg å søke opp dei enkelte felta som er handsama i KU, i

kartet og føresegnene. Ei rekke automatisk freda kulturminne er ikkje vist med omsynssoner i plankartet, fleire er vist med feil geometri og er ikkje kopla mot retningslinene på ein forståeleg måte. Omsynssonene H570 har ikkje løpenummer i plankartet, og ser ut til å vere tilfeldig nummerert i sosi-fila. Retningslinene tilhøyrande H570 er til dels nummerert, og det er ikkje mogleg å lese utifrå planmateriellet kva retningsliner som høyrer til kva omsynssoner.

Plan- og bygningslova stiller ikkje spesifikke krav til ei slik merking, men det ville likevel vore meir tenleg med omsyn til medverknad. Vidare er det slik at § 9 (Krav til vedtatt arealplan, plankart, kodeverk, nasjonal arealplanID mv.) i Kart- og planforskriften stiller krav til kvalitet på arealplankart:

«Arealplan skal angi arealformål, hensynssoner, og bestemmelser i form av linjer og punkt slik de framgår av vedlegg I til denne forskriften. Det kan angis flere hensynssoner for samme areal.

Plankart skal vise innhold og rettslige virkninger på en klar og entydig måte, og med tilstrekkelig nøyaktig stedfesting tilpasset formålet med planen.»

### Konsekvensutgreiing (KU) og planskildring

Temaa for konsekvensutgreiinga framstår som dekkande og relevante, og i tråd med planprogrammet. Ein kunne med fordel hatt ei tydelegare siling, med bakgrunn i hovudtema for planen, av kva areal som skulle takast inn og vurderast til KU.

I KU har ein vurdert forslag til nye/endra arealføremål. Utgreiinga inneheld òg ROS-analyse. Areala er sortert etter geografisk område i kommunen. Det er ikkje kopling mellom nummerering av areala i KU og plankartet.

I framlegget er det ikkje eit konsekvent forhold mellom areal ein har rådd til i KU og dei areala ein har tatt med i plankart og planomtalen. Fleire bustadføremål som er rådd frå i KU, er likevel tatt inn i plankartet, utan grunngjeving i planskildringa. Desse er teken inn i kap. 4 under.

I KU har ein vidare vurdert fleire ulike forslag til nye arealføremål i same konsekvensutgreiing. Det kan vere bra å vurdere eit område samla med ulike men samanhengande/nærliggande føremål. Likevel gjer det vurderinga av dei enkelte føremåla utydeleg når ein t.d. vurderer nye areal for næring, bustad og LNF-spreidd samstundes.

Samla sett vurderer fylkesrådmannen at til trass for eit noko utilgjengeleg planmateriale, har ein gjennom fleire grep og omsyn gjort eit godt planarbeid, og får i denne planen eit styringsverktøy som kan føre til god utvikling i kommunen.

### **3.2 Samordna areal og transport**

«Regional areal- og transportplan for Bergensområdet 2017-2028 (RATP) blei vedteken av fylkestinget i juni 2017 og skal vere retningsgjevande for kommunalt, regionalt og statleg planarbeid. Planområdet omfattar kommunane Bergen, Radøy, Meland, Lindås, Askøy, Fjell, Øygarden, Sund, Osterøy, Vaksdal, Samnanger og Os. Planen har mål og retningsliner for arealbruk.

#### Arealreserve


I dei generelle retningslinene for RATP 2.2. (a) finn ein at ved rullering av kommuneplanens arealdel bør kommunane legge til grunn m.a. ei vurdering av arealreserven i eksisterande byggesone og potensialet for foretting og transformasjon i vekstsonene. Vidare bør bustadplanlegging vere basert på prognoser for utvikling i befolkning og hushaldssamansetting slik at behovet er definert på bustadtype.

I planskildringa til KPA for Sund kommune har ein gjort ei god framstilling av eksisterande bustadareal opp mot trong for slike i framtida basert på folketalsframskriving. Ein slår fast at eksisterande bustadarealreserve er høg. Det går ikkje fram av planskildringa kor stor bustadarealreserven i kommunen vil vere etter føreliggande plan er godkjent. Dette er ei vesentleg mangel, då ei framtidig bustadarealreserve



gjør planen føreseieleg. Vidare reknar kommunen framtidig bustadbehov ut frå 2,5 personar per bustad. Fylkesrådmannen vil peike på at dette ikkje er reelt, med tanke på den generelle auken i åleinebuande og dessutan ein aldrende demografi.

Fylkesrådmannen ber om at bustadarealreserve (regulert og ikkje-regulert) og bustadreserve (tal bustader) blir gjort synleg i planarbeidet.



Figur 1 Vekstsoner i Regional areal- og transportplan for Bergensområdet

#### Differensiert arealforvaltning

Sund kommune er ikkje innafør regional vekstsoner definert i RATP, og retningsline 4.3 om differensiert arealforvaltning, er då særleg relevant som styrande prinsipp i Sund sin arealforvaltning:

«Utanfor regionale vekstsoner skal det takast særleg omsyn til naturmangfald, landskap, landbruk, kulturmiljø og friluftsliv.»

Fleire bustadbygg i Sund ligg i føremål avsett til større samanhengande LNF-område, og gjennom planarbeidet har ein funne at det er 290 bustadeiningar i LNF-formål der det ikkje er heimel for bustadbygging. Kommunen ønsker ikkje å vidareføre desse bustadene i LNF-formål, og har difor vurdert meir eigna formål for desse i planframlegget. Fylkesrådmannen vurderer at dette er eit godt grep, som i stor grad samsvarer med prinsippet for differensiert arealforvaltning i RATP.

Fylkesrådmannen ser at ein har tatt inn areal i plankartet som etter fagleg vurdering var rådd frå i konsekvensutgreiinga, og i liten grad grunngeve desse. Utvikling av nokre av desse areala vil råke både landbruk og landskapsverdiar. Fleire areal for næring og bustad i plankartet ligg i registrert viktig friluftsområde med høg brukarfrekvens og eit kulturlandskap som er sårbart for dominerande inngrep og oppdeling. Jf. differensiert arealforvaltningsprinsipp i RATP, bør viktige arealverdiar prioriterast utanfor

regionale vekstsoner, framfor utbygging. Vi viser til kap. 4, med oversikt over innspel til konkrete arealføremål.

### Transport og areal

I følge retningsline 7.1 i RATP, må rekkjefølgje av utbygging i bustad- og næringsareal må bli samordna i tid med utbygging av vegsamband, gang- og sykkelveggar og kollektivtiltak. Planar skal ha rekkjefølgjekrav om transporttilhøva ikkje er tilfredsstillande ut i frå omsyn til trafikktryggleik, tilrettelegging for gang og sykkel og kollektivtransport.

I KPA vil ein satse på utvikling av Klokkarvik, Forland/Stranda, Spildepollen, Glesvær og Telavåg, i tillegg til at ein gjennom eigen plan (kommunedelplan og detaljregulering) vil fokusere på utvikling av Skogsskiftet. Fokus på Glesvær og Telavåg har kome inn i planarbeidet etter at samfunnsdelen blei vedteke. I kommuneplanen sin samfunnsdel peiker ein på at skulane har vore viktige for utviklinga av bygdene i Sund, men gjennom ei sentralisering av skuletenestene – frå 7 til 3 barneskular, vil dette virke inn på nærmiljøtenkinga ein har lagt til grunn. Elevar i Glesvær og Telavåg vil sokne til skulen i Spildepollen, ha 5-6 km skuleveg og utløyst trong for skuleskys. Fylkesrådmannen vil rå kommunen til å vere enda tydelegare i prioriteringa av dei ulike senterområda, og avgrense bustadutviklinga der det manglar trafikkisikker tilkomst og eit tilfredsstillande kollektivtilbod til daglege gjere mål.

Glesvær og Telavåg har på ulikt vis historisk tyngd og meining, også i eit regionalt perspektiv. Likevel vil fylkesrådmannen peike på at tilrettelegging av større busettingsareal desse stadane vil føre til meir bruk av privatbil då det er ressurskrevjande å etablere eit godt kollektivtilbod og trafikkisikre løysingar i eit spreidd busettingsmønster. For barn og unge, samt andre utan eigen bil kan dette avgrense moglegheitene til deltaking på fritidsaktivitetar mm. I eit folkehelseperspektiv er dette uheldig.

Fylkesrådmannen stiller spørsmål til om auka utbygging i Glesvær og Telavåg er naudsynt for å sikre dei som levande tettstader. Demografisk er vi i ei utvikling med fleire einhushald, kombinert med ei eldrebølge og yngrebølge i vente. Vi ser at barnefamiljar etterspør ein bustader, medan eldre gjerne flyttar til mindre og meir sentrale husvære. Denne mekanismen kan bidra til eit levande og dynamisk bygdesamfunn i t.d. område der auka areal for utbygging vil kome i konflikt med kulturminne og kulturmiljø.

### **3.3 Senterutvikling**

Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026 (Senterplanen) er ein regional plan etter plan- og bygningslova § 8-1. Senterplanen inneheld retningslinjer for arealbruk og retningslinjer for forvaltning. Retningslinjene er eit verkemiddel for å oppfylle måla i planen, og skal innarbeidast i kommunale arealplanar. Senterstruktur, hierarkiet mellom dei ulike senternivåa og senterutstrekning er peikt på som særleg viktige fokus i den regionale planen. I dette ligg også at ein vurderer kva funksjonar som skal ligge til dei ulike sentera.


Fylkesrådmannen vil minne om til dei nasjonale måla som er nedfelt i Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging som blei vedteken i 2014. Føremålet er at planlegging av utbyggingsområder og transportsystem skal legge til rette for mest mogleg effektiv og miljøvenleg transport slik at transportbehova kan reduserast. Dette inneber mellom anna å lokalisere hovudtyngda av bustader nær viktige målpunkt som skule, kollektivtilbod og handel. Oppfølging av dei nasjonale måla er innarbeid i regionale styringsdokument, til dømes i Senterplanen og RATP. Her er det mellom anna lagt vekt på eit utbyggingsmønster som gjer det mogleg å gå, sykle eller nytte kollektivtransport til handel og tenester.

Senterstrukturen gjeve i Senterplanen er:

- fylkessenter, regionsenter, kommunesenter og eventuelt lokalsenter og nærsenter.

I framlegget til Sund kommune sin arealdel nyttar ein desse omgrepa:

- kommunedelsenter, lokalsenter, nærsenter, historisk nærsenter, bygd, tettstad.



Figur 2 Viser senterstruktur i KPA for Sund kommune, med Skogsskiftet i nord

Skogsskifte vil få status som lokalsenter i nye Øygarden kommune.

Det er gjennom kommuneplanarbeidet at kommunane skal innarbeide ein senterstruktur i samsvar med den regionale planen, då denne bidreg til vidare styring og utvikling av dei ulike nivåa i senterstrukturen. Fylkesrådmannen rår til at ein arbeider særleg med dette temaet i ny kommune.

Vi ser at det i kartet er lagd ut sentrumsføremål, men finn ikkje dette att i føresegnene i planen.

I planprogrammet peikte kommunen på Glesvær, Spildepollen og Stranda/Kleppe som bygder/tettstader som skal utviklast og fortettast. Ein skulle vidare vurdere nye byggeområder. Fylkesrådmannen rådde kommunen til å være varsam med å spreie bustadområdene, men heller ha høg prioritet på utvikling av dei nemnde bygdene. Dei prioriterte områda i planframlegget er meir konsentrert om Forland og Stranda, og i mindre grad strekt mot Kleppe. Dette er eit positivt grep. Vidare vil ein også satse på Telavåg, då det er eit historisk senter i kommune.

Sund kommune viser ein tydeleg vilje til å støtte opp om eksisterande senterområde og det er positivt. Samstundes stiller fylkesrådmannen spørsmål til om det er ein heldig utvikling å legge til rette for større bustadbygging ved alle senterområda.

Kommunen har valt å ikkje ha med areal ved Skogsskiftet, då kommunedelplan for Skogsskiftet er under arbeid, og vil bli handsama i nye Vestland fylkeskommune. Fylkesrådmannen vil peike på at koplinga mellom KPA for Sund og kommunedelplan og reguleringsplan for Skogsskiftet er svært relevant, men lite skildra i framlegget til KPA for Sund kommune. Forholdet mellom desse planane er relevant for kommunen sitt hierarki av senter. Vidare meiner fylkesrådmannen at Sund kommune må gjere ei vurdering av senterstrukturen knytt til den endra heilskapen nye Øygarden vil utgjere. Som det går fram i retningslinene over, er det også viktig å definere sentrumsutstrekninga gjennom kommuneplanarbeidet, og Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at dette er gjort.

### 3.4 Folkehelse og lokalsamfunnsutvikling

Sund kommune har ein høg del som blir køyrde til skulen, og dette er kommunen medvitne om og ønskjer å gjere noko med. Dette er positivt. Vi viser til regional plan for folkehelse kor ein viktig målsetnad er at fleire skal nå dei nasjonale måla om fysisk aktivitet kvar dag, og eitt av måla er at minst 80 prosent av borna skal gå eller sykle til skulen.

Med omsyn til sosial ulikskap i helse er det ein styrke at Sund legg fram eit tydeleg ønskje om varierte bustadtypar. Dette er òg viktig å leggje til rette for ulik pris på bustader, og særleg med tanke på areal sett av til bygging av bustader til vanskelegstilte personar med bustadbistand. Det er òg ein styrke at Sund kommune er medvitne om viktigheita av å sikre nærturterreng som eit folkeretta tiltak. Nærturterrenget er viktig, då det er låg terskel for å nytte dette, og difor gjerne òg nyttast av dei mindre mobile gruppene.

Fylkesrådmannen vurderer at i den framtidige detaljplanlegginga av nær- og lokalsenter, er det viktig å leggje til rette for uformelle sosiale møteplassar, som femnar alle.

### 3.5 Friluftsliv

Sund kommune har gjennomført prosjekt for kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde. Kartlegginga følgjer Miljødirektoratet sin rettleiar, M98-2013. Kartlegginga er ei oppfølging av nasjonale mål om at alle kommunane i Noreg skal ha kartlagt og verdsatt sine viktigaste areal for friluftsliv innan 2018. Dette er positivt og eit viktig kunnskapsgrunnlag for planarbeid i kommunen. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det er brukt i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel for Sund.

### 3.6 Klima og energi

I planstrategien blir det vist til at arealstrategien i samfunnsplanen mellom anna skal sikra at «utviklinga vert klimavenleg og berekraftig».

#### Overordna føringar

«Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning» legg føringar og krav til kommunal planlegging, og skal leggest til grunn i alle kommunale planar. Retningslinjene omhandlar omstilling til eit samfunn med lågare klimagassutslepp og som er tilpassa eit endra klima. Nasjonale føringar tilseier at forvaltninga skal nytte seg av høge alternativ frå dei nasjonale klimaframskrivingane når konsekvensar av klimaendringar vert vurdert.

#### Regionale føringar

Retningsliner for planlegging i Klimaplan for Hordaland 2014-2020 slår fast at:

6. Kommunal planlegging skal sikre areal for samanhengande sykkelveggar mellom målpunkt som skule, senter og bustadsområde.

Kommunen har også eit viktig handlingsrom i samband med ny KPA for å redusere utslepp frå vegtrafikk ved å redusere transportbehovet. Planen legg opp til at hovudtyngd av bustadutbygging og tenesteutvikling vert knytt opp mot utviklinga av Skogsskiftet som kommunedelsenter og Sund, Forland og Spildepollen som lokalsentra, område som i stor grad allereie er utbygd. Vidare er det positivt at det i føresegna kjem fram at klimavenlege bygg, omsyn til energibruk og alternative energikjelder skal vurderast ved lokalisering og utforming av byggeområde.


Vidare seier Retningsliner for planlegging i Klimaplan for Hordaland 2014-2020:

1. Kommuneplanen skal fastsetje senterstruktur i samsvar med regional plan
2. Bustadområde, arbeidsplassintensive næringsområde, skule og barnehage bør lokalisast nær kvarandre og i tilknytning til kollektivnettet.
4. Fortetting skal vektleggjast framfor nye spreidde bustadareal. Ledig kapasitet i eksisterande byggeområde skal vurderast opp mot behovet for nye bustader. Fortetting og utbygging må skje med kvalitet og utan nedbygging av verdifulle areal.

### Klimagassreduksjon

Det er utarbeida ein klimarekneskap som dekker direkte utslepp innanfor det geografiske området til Sund kommune. Dette inkluderer utslepp frå mellom anna transport, oppvarming, avfall og avløp, jordbruk og sjøfart. For meir informasjon om utslepp i kommunen kan de sjå:

<https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/klimagassutslipp-kommuner/?area=41&sector=-2>.



Figur 3 Oversikt klimagassutslipp i Sund kommune

Sett bort frå sjøfart, som kommunen har mindre påverknad på, er vegtrafikk og jordbruk viktige bidragsytarar til klimarekneskapen til Sund kommune. I samband med KPA har kommunen eit handlingsrom for å redusere utslepp frå vegtransport ved å sikre gang- og sykkelveggar på strategiske strekk, noko planskildringa også nemner.

Når det gjeld jordbruk som utsleppssektor, er det viktig å unngå nedbygging av karbonlager som jordbruksareala er, og då særleg myr. Det er positivt at føresegnene i planen sikrar at naturverdiar som vegetasjon, bekkar, våtmark og terrengformasjonar skal takast vare på ved utbygging, og at tiltakshavar dokumenterer dette i søknad om tiltak eller i reguleringsplan.

### Klimatilpassing

Konsekvensutgreiinga til kommuneplanen legg kunnskapsgrunnlaget for klimatilpassing, og utgreiinga tek inn vurderingar av ekstremvær. Handtering av overvatn er kommunen sitt ansvar og kjem fram i føresega i framlegg til kommuneplanen. Kommunen bør vidare vurdere om det er områder som kan bli meir utsette for overvasskader og flaum, ved inngrep i eksisterande vassveggar, eller tetting av overflater, med den nye planen. Løysingar må vere dimensjonert for venta framtidige nedbørsmengder.

Kommunalbanken har utvikla eit verktøy for å vurdere korleis ulike formar for risiko kan påverke kommunen, sjå: <https://klimarisiko.kommunalbanken.no/kommuner/sund/>. Verktøyet er eit utgangspunkt for å vurdere lokal klimarisiko og for dialog med lokalt næringsliv og innbyggjarar. Vi viser elles til høyringssvar frå NVE.

### **3.7 Næringsutvikling**

Prinsippet om differensiert arealforvaltning utanfor regional vekstsone er relevant for vurdering av areal i Sund kommune. Jamfør dette prinsippet skal naturmangfald, landskap, landbruk og friluftsliv prioriterast. Nye utbyggingsområde bør utnytte eksisterande sosial og teknisk infrastruktur, og arealkrevjande verksemdar bør lokaliserast i nærleiken til hovudveggar og i område som er definert som C- og D områda som gitt i kart.

Kommunen har i planarbeidet sett på både utviding av eksisterande næringsområde og potensielle nye næringsareal. Fylkesrådmannen ser at dette er viktig for å sikre arbeidsplassar og aktivitet i kommunen. Likevel er det slik delar av areal sett av til næring i plankartet, er knytt til strandsone og sjø, og dette medfører konflikter knytt til regionale omsyn for landskap, friluftsliv, transport og kulturminne. Vi viser til kap.

4, med oversikt over innspel til konkrete arealføremål for næring. Fylkesrådmannen bed kommunen gjere ei særleg vurdering av balansen mellom næringsutvikling og areal- og kulturminneomsyn.

### 3.8 Strandsone

I førre kommuneplanrullering gjorde Sund eit større arbeid med å teikne ny byggegrense mot sjø og kommunen ville i utgangspunktet berre justere denne der det var hensiktsmessig. I gjennomgangen av gjeldande byggegrense har kommunen likevel sett behov for ei meir heilskapleg vurdering av strandsona i heile kommunen, og ein har difor gjennomført ei kartlegging av funksjonell strandsona. Dette inneber analyse av strandsona sin kvalitet og verdi knytt til biologisk mangfald, landskap, kulturmiljø, bygningsmiljø og tilgjenge for allmenta. Kartleggingsarbeidet er utført basert på eksisterande data og flyfoto. Det har ikkje vore synfaring av strandsona frå sjø. Fylkesrådmannen finn det svært positivt at kommunen her gjennomført ei slik kartlegging og meiner det gjev eit god fagleg grunnlag for planlegging i strandsona. Kommunen har utarbeidd ein eigen delrapport om funksjonell strandsona datert 10.juni 2019.

Plankartet viser den funksjonelle strandsona som ei illustrasjonsline og definerer det som blir oppfatta som strandsona. Kommunen har ikkje nytta den funksjonelle strandsona som byggegrense, men heller lagt på ei eigen byggegrense byggeføremål som er lagt ut i strandsona. Der den funksjonelle strandsona går bak bygningar, er byggegrensa lagt på begge sider av byggeformålet for å hindre utbygging bak nausta i område som er del av strandsona.

Av føresegnene punkt 1.11.1 kjem det fram at «*Byggegrense mot sjø er vist i plankartet. Innanfor denne byggegrensa gjeld pbl § 1-8 «Forbud mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag». Der plankartet ikkje viser byggegrense gjeld byggeforbodet 100 meter frå strandlinja. Framtidige reguleringsplanar kan fastsette andre byggegrenser.*» Utanom byggegrensa er hovudprinsippet at 100-metersbeltet gjeld. Etter fylkesrådmannen si vurdering er dette ei tilfredstillande måte å få fram byggegrenser, men slik kartet er utforma er det ikkje mogeleg å finne att lina for byggegrense i alle område. Linene i kartet er utforma med ei bredde som gjer kartet tilnærma uleseleg i enkeltområda. Dette må etter fylkesrådmannen si vurdering bli endra før planvedtak for at planen skal kunne vere eit juridisk haldbart og leseleg dokument.

Kommunen har mykje strandsona, men dei mest attraktive strandsonareala i nærleiken av der folk bur er i stor grad privatiserte. I kommunen er det allereie 700 naust, og sjølv med den restriktive byggegrensa kommunen har i dag, er det berre dei siste fem åra bygd 10 nye private naust. Eit av måla med planarbeidet har vore å betre tilgangen til sjø for allmenta. Det har også vore stor etterspurnad etter båtplassar i kommunen. Ein har i planen difor lagt inn ein del nye formål for småbåthamnar i planen. Etter fylkesrådmannen si vurdering er omfanget og talet på småbåthamner noko stort, og kommunen har heller ikkje gjennomført ei overordna vurdering av det samla behovet i kommunen, og kor det er mest eigna for å legge til rette for nye småbåthamner. Fylkesrådmannen har i tabell under kap 4. peikt på nokre område for småbåthamn som kommunen bør vurdere på nytt.

Det blir sett krav til at allmenta sin tilgang til strandsona skal sikrast i detaljplan. Føresegnene sikrar òg at det skal vere mogeleg for allmenta å ferdast i naustområda framfor og/eller mellom naust. Dette er etter fylkesrådmannen si vurdering eit viktig og godt prinsipp i planlegginga.

Fylkesrådmannen viser også til at det må skiljast tydeleg mellom småbåthamner og småbåtanlegg i planlegginga. Arealføremålet småbåthamn bør nyttast på anlegg for småbåtar som er opne for allmenta og ikkje knytt til nærare fastsette eigedomar. Dersom båtplassane skal knytast til nærare fastsette eigedomar skal arealføremålet småbåtanlegg nyttast. Småbåthamner vil som regel vere større enn småbåtanlegg.

I kommuneplanen for Sund er det utelukkande nytta småbåthamn som føremål, sjølv om skildringa av nokre av områda synast å peike meir i retning av småbåtanlegg. Fylkesrådmannen meiner kommunen bør vurdere dette på nytt.

### 3.9 Akvakultur

Marine næringar, som akvakultur, er eit prioritert satsingsområde for Hordaland fylkeskommune. Hordaland fylkeskommune ser det som særleg viktig at kommunen gjennom arealplanlegging legg til rette for ei berekraftig og lønnsam utvikling innafor akvakulturnæringa. Fylkeskommunen har ansvar for tildeling av løyve og klarering av lokalitetar etter Akvakulturlova, og har i tillegg ansvaret for å ivareta og fremje motsegn på vegne av akvakulturinteressene etter Plan- og bygningslova.

Etter akvakulturlova sine §§ 6 og 15 fyrste ledd kan det ikkje gjevast løyve i strid med vedtatte arealplanar etter plan- og bygningslova. Dette er vidareført i laksetildelingsforskrifta § 30 bokstav d og marinfiskforskrifta § 7 bokstav d, der det går fram at lokalitet for akvakultur kan klarerast dersom det ikkje er i strid med vedtatte arealplanar etter plan- og bygningslova. Det same vil gjelde for endringar på allereie tildelte lokalitetar. Heile oppdrettsanlegget i overflata inklusiv fôrflåte, fortøyningar og ankerfeste må i planen liggje i areal som er planlagt for dette føremålet.

#### Kommunen si rolle i akvakultursaker

Kommunane har ein viktig rolle i å bestemme den arealdisponeringa i sjø som følgjer av kommuneplanane. Dei kan gjennom slike planer bestemme kva for område som opnas for bruk til akvakultur. Kommunen skal registrere ein ny søknad og legge denne ut til offentleg høyring i 4 veker. Kommunen skal avklare søknaden i høve arealplanen for så å ha moglegheita til å kome med ei uttale i saka.

Hordaland fylkeskommune registrerar at kommunen har tatt våre innspel, i samband med høyring av planprogram, med i den nye planen. Kommunen planlegg områda for akvakultur slik at ein tar høgde for næringsutvikling både med omsyn til omstrukturering av lokalitetane og moglegheit for ny teknologi og nye arter.

#### Akvakultur i plan

Kommunen har i dag 10 lokalitetar for akvakulturanlegg. Dei fleste av desse er oppdrettsanlegg for matfisk, men det er også eit settefiskanlegg i Kvernåvika samt ein lokalitet for skaldyr, Langaholmen. Inkludert i lokalitetane finn ein også to slakterianlegg for fisk. Det er opna opp for fire nye lokalitetar til akvakultur i planforslaget. I tillegg er ein lokalitet flytta og vert vist som framtidig i planforslaget. Tre av dei nye lokalitetane er lokalisert i havet vest for Telavåg og Glesvær. Den siste er lokalisert utanfor Førdestraumen i del av område som i førre periode var regulert til fiskeri.

Akvakulturområde ved Stuholmen er no føreslått utvida då eksisterande anlegg ligg delvis utafor noverande område avsett i plan.

Det er fjerna to akvakulturlokalitetar. Ein del andre lokalitetar kan ikkje lenger få løyve til å ale opp alle artar og har difor fått ei føresegnson. Dette grunna nærleik til eksisterande anlegg eller andre tilhøve. Ein legg restriksjonar på artar i staden for å fjerne lokalitetane.

Hordaland fylkeskommune meiner det er uheldig å fjerne akvakulturområder. Dei kan kanskje ikkje nyttast til kommersiell oppdrett av laks og aure i dag, men oppdrett av til dømes algar og skjel er fullt mogleg. Oppdrett av desse artane sett ikkje like store krav til djupne og vassutskifting som oppdrett av fisk.

Hordaland fylkeskommune meiner det er positivt at det i tilknytning til akvakulturområda er det lagt inn større kombinerte formål for friluftsliv, ferdsel og akvakultur som eit fleirbruksformål som gjev akvakulturanlegg moglegheiter til å gjere mindre justeringar og ankring innanfor formåla. Desse formåla er tilpassa behova for lokalitet og er arrondert med omsyn til andre interesser som til dømes friluftsliv, sjøtrafikk, fiske og kulturminne.

#### Føresegner og retningslinjer

Kommunen skriv i føresegn 6.7.5. «Kommunen kan etter eige skjøn krevja reguleringsplan, om tiltaket sin art og/eller omfang krev nærare retningslinjer og/eller føresegner.»  
I rundskriv H-6/18 frå KMD kan ein lese:

«I kommuneplanens arealdel kan det gis bestemmelser om hvilke typer tiltak som krever reguleringsplan, enten i form av områderegulering eller detaljregulering. Dette kan for eksempel gjelde nye småbåthavner, havneområder og utbedring av farleder. For nye områder for akvakultur vil det vanligvis ikke være nødvendig med reguleringsplan fordi kommuneplanen og påfølgende behandlingen etter akvakulturloven gir de nødvendige avklaringer.»

Fylkesrådmannen vurderer at det ikkje er naudsynt av Sund kommune å sette krav om reguleringsplan for områder til akvakultur, då ein kan gjere dette i kommuneplanen og handsaming av søknader etter akvakulturlova.

### 3.10 Kulturminne og kulturmiljø

Kulturminne og kulturmiljø er ein ikkje-fornybar ressurs som skal vernast i ei heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Både som vitskapleg kjeldemateriale og synlege element i omgjevnadane, skal kulturminne vere ein ressurs og gje varig grunnlag for nolevande og framtidige generasjonar sin kunnskap om kulturarven, sjølvforståing og identitet. Knytt til lokal samfunnsutvikling er kulturminne og kulturmiljø kjelder til trivsel, oppleving og verdiskaping.

Fylkesrådmannen ser det som positivt at Sund kommune har lagt fram eit planforslag som bidreg til å sikre freda og verneverdige kulturminne. Omsynet til kulturminne skal sikrast i all lokal, regional og nasjonal utvikling og arealplanlegging. Kommunane har hovudansvaret for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale mål, jf. dei nasjonale forventningane kommunal og regional planlegging frå 12.06.2015. Sund kommune har utarbeidd ein kulturminneplan der særigne kulturminne i kommunen er trekt fram. Omsynssoner for kulturminne er lagt inn i kommuneplanens arealdel.

#### Konsekvensutgreiing - kulturminne

Konsekvensutgreiinga er ryddig og oversiktleg. Fylkesrådmannen ser likevel at tema kulturminne og kulturmiljø er mangelfullt utgreidd. Vi stiller spørsmål ved kva grunnlagsdata som er nytta for desse utgreiingane. Opplysningar som ligg i Riksantikvaren sin database Askeladden, ser ikkje ut til å ha vorte fanga opp av utgreiar. Vi gjer Sund kommune og plankonsulent merksam på at kulturminnedatabasen Askeladden ikkje er eit statisk register, men ein database som heile tida vert oppdatert og revidert. Det er difor avgjerande at ein ikkje nyttar gamle data når ein arbeider med kulturminneutgreiingar.

Fylkesrådmannen saknar vidare ei vurdering av potensial for funn av automatisk freda kulturminne for nye arealformål der det ikkje er kjend automatisk freda kulturminne like i nærleiken. Fylkesrådmannen saknar også omtale av krigsminne. Denne kulturminnetypen er ikkje nemnt i konsekvensutgreiinga. På Visterøy og Buarøy ligg det til dømes eit heilt anlegg frå andre verdskrigen og frå den kalde krigen som det ikkje er tatt stilling til. I kapittel 4 i konsekvensutgreiinga blir det gjort ei samla vurdering av planforslaget sine konsekvensar for miljø og samfunn. Her er ikkje kulturminne nemnt i det heile. Dette er ein klar mangel.

#### Planforslaget

Fylkesrådmannen meiner det må gjerast endringar i planforslaget for at KPA også skal vere eit godt styringsverktøy for ei berekraftig og føreseieleg kulturminneforvaltning.

#### Føresegnene

Sund kommune har lagt inn ei rekkje kulturminne og kulturmiljø i planforslaget. Mange av kulturmiljøa er vidareført frå førre rullering av kommuneplanen, medan nokre er nye. Føresegnene er noko mangelfulle med tanke på tilstrekkeleg vern av kulturminne og kulturmiljø. Vi ber om at dei generelle føresegnene vert endra slik at dei i større grad bidrar til føreseieleg sakshandsaming og sikrar eit godt vern av kulturminne og kulturmiljø. Potensialet for nye funn av automatisk freda kulturminne er høgt i nokre område definert som LNF-spreidd. For å sikre at undersøkingsplikta jf. § 9 i kulturminnelova vert oppfylt ber vi om at alle søknadar om tiltak i LNF-spreidd vert send regionalt kulturminnemynde for vurdering.

**10 a)** Dei generelle føresegnene § 1.2.2 må supplerast med tekst som følgjer:



«Det skal dokumenterast at nye tiltak ikkje kan skade eller utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne. I byggeområde på land og i sjø, samt LNF-område der spreidd utbygging er tillate, skal undersøkingsplikta og avklaring av kulturminneinteressene i medhald av §§ 3, 8, 9 og 11 i kulturminnelova utførast på reguleringsplannivå eller ved søknad om tiltak.»

«Alle tiltak på ubygd areal innanfor LNF-område med høve for spreidd utbygging og spreidd næring skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering av kulturminneinteresser, jf. kulturminnelova §§ 3, 8 og 11.»

**10 b)** Føresegn § 7.5 omhandlar bandleggingszone H730, bandlegging etter kulturminnelova. Føresegna er misvisande og må endrast til følgjande:

«Automatisk freda kulturminne vist som omsynssone d) (SOSI-kode H730) er bandlagt etter kulturminnelova. Det er ikkje tillate å sette i gong tiltak som er eigna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme dei automatisk freda kulturminna eller framkalle fare for at dette kan skje. Tiltak som kan ha innverknad på automatisk freda kulturminne skal leggjast fram for Hordaland fylkeskommune, jf. kulturminnelova §§ 3 og 8.»

#### Plankartet

**10 c)** Ved Austefjorden er det kjend eit stort tal automatisk freda kulturminne frå steinalderen. Ved førre rullering av Sund kommuneplan sin arealdel fremja Hordaland fylkeskommune motsegn til eit næringsformål i Austefjorden på bakgrunn av kjende funn av automatisk freda kulturminne, samt høgt potensial for ytterlegare nye funn i det aktuelle arealet. Motsegna vart trekt etter mekling og justering av arealformålet.

Vi gjer Sund kommune merksam på at dei arkeologiske registreringane som er gjennomført i det opphavlege næringsformålet fokuserte på identifisering og avgrensing av allereie kjende lokalitetar. Undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova er såleis ikkje oppfylt for heile BN44. Det er stort potensial for funn av ytterlegare automatisk freda kulturminne, og Hordaland fylkeskommune må ta atterhald om arealbruken inntil undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova er oppfylt.

Fylkesrådmannen er kritisk til at næringsarealet frå gjeldande KPA er vidareført i planforslaget som no er på høyring (BN44). Dette er eit urørt område med store kulturminneverdiar, noko som vart klart i 2014, men som vart enno meir tydeleg i samband med planprosessen for ny Fv 555 i 2016. Næringsformålet er i planforslaget også utvida noko samanlikna med gjeldande plan, og det er foreslått tiltak i strandsone og sjø, arealformål SH. Arealformåla vil fragmentere området, og forringe kulturminneverdien ved at det vert etablert ein barriere mellom sjøen og lokalitetane.

**10 d)** På Visterøy og Buarøy ligg militærhistoriske anlegg frå både andre verdskrigen og frå den kalde krigen, av nasjonal og regional kulturminneinteresse. Buarøy har status som militærhistorisk landskap verneklasse 2 i Landsverneplan for Forsvaret. Arealformål GF2 og omsynssone H810\_16 på Visterøy kan vere i direkte konflikt med kulturminneinteressene. I konsekvensutgreiinga for planforslaget vert det vist til at det ikkje er kjend kulturminne i området, noko som gjer at konsekvensane planlagde arealformål kan få for det militærhistoriske anlegget ikkje er utgreidd. I følgje planomtalen opnar formålet for kaianlegg for ekspresbåt og enkle overnattingshytter eller gapahukar med enkel standard og for kortvarig opphald. Hordaland fylkeskommune kan ikkje seie seg einig i arealbruken når eventuelle negative konsekvensar for kulturminna ikkje er utgreidd.

**10 e)** Automatisk freda kulturminne er vist i plankartet med omsynssone bandlegging etter kulturminnelova, SOSI-kode H730. Ei rekkje kulturminne er utelatt frå kartet. Nokre av desse ligg i område vist med omsynssone H910, område der gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelde. Planforslaget er ikkje eintydig i korleis automatisk freda kulturminne er vist i desse områda. For å få ein heilskapleg og føreseieleg kommuneplan bør ein vise alle automatisk freda kulturminne også i desse areala. Dei automatisk freda kulturminna som ikkje er vist i plankartet har Askeladden-id 242348, 124211, 124861, 97113, 97111, 6054, 35526, 97060, 97059, 239240, 97079, 97073, 97074, 97076, 97070, 97071, 97082, 97084, 55303, 13417, 161056 og 161057. Fleire automatisk freda kulturminne er også lagt inn med feil

geometri og må rettast opp. Dette gjeld kulturminna Askeladden-id 45554, 15881, 25622, 249803, 97114 og 60618.

**10 f)** Omsynssonene for bevaring av kulturmiljø, H570, har ikkje løpenummer i plankartet, og ser ut til å vere tilfeldig nummerert i sosi-fila. Retningslinene tilhøyrande H570 er til dels nummerert, og det er ikkje mogleg å lese utifrå planmateriellet kva retningsliner som høyrer til kva omsynssoner. For nokre av omsynssone H570 i plankartet er det vanskeleg å skjønne kva slags kulturmiljø det er som skal bevarast. Døme på dette er to sirkelforma omsynssoner på gnr. 39 bnr. 34 og 121 m.fl. Omsynssonene må få unik nummerering i plankartet, og må listast opp i planomtalen med namn og/eller gards- og bruksnummer. Planforslaget har no retningsliner som er lite brukarvenlege då dei ikkje kan knytast til konkrete omsynssoner. Dette fører til ei lite føreseieleg sakshandsaming og dårleg kulturminnevern.

**10 g)** Berre halve omsynssone H570 for Kvalvågen/Skaganeset er lagt inn i plankartet. Omsynssona som ligg i gjeldande KPA er resultatet av ei omfattande sakshandsaming på både regionalt og nasjonalt nivå. Omsynssona i gjeldande KPA (2010-2020) må vidareførast i rulleringa.

### Særlege merknader:

#### Planomtalen

Fleire omsynssoner for kulturmiljø som ligg i gjeldande arealplan er tatt ut frå plankartet i denne rulleringa, og nokre nye er lagt inn, utan at dette er nemnt eller grunngitt i planomtalen. Fylkesrådmannen ber om at endringane vert lista opp i planomtalen, med ei forklaring av bakgrunnen for endringane. Fylkesrådmannen ber også om at kommunen jobbar vidare med å definere fleire omsynssoner H570 for bevaring av kulturmiljø, og at desse vert tatt med inn i det vidare arbeidet med ein samla kommunedelplan for kulturminne for nye Øygarden kommune frå 2020.

Avsnitt 5.5.3 i planomtalen omhandlar drikkevassproblematikk. Her er omsynssone H570 omtala som omsynssone for drikkevasskjelde. I figur 5-1 er også omsynssone H570 vist som drikkevasskjelde. Omsynssone H570 skal berre nyttast til å vise omsynssone bevaring av kulturmiljø. Når denne omsynssonen er brukt feil i planomtalen, vert det uklårheit i om dette også er tilfellet i plankartet. Dette må rettast opp i.

Tabellane i planomtalen som viser nye, framtidige arealformål er vanskelege å lese. Tabellane inneheld ikkje gards- og bruksnummer eller feltnamn, og kartutsnitte i tabellane er svært små og gjer at der er vanskeleg å orientere seg. Vi ber om at tabellane i planomtalen vert revidert.

Det er ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i heile planområdet som er omfatta av kommuneplanens arealdel. Hordaland fylkeskommunen må ta atterhald om arealbruken i kommuneplanen inntil § 9 i kulturminnelova er oppfylt, og tilhøva til automatisk freda kulturminne er avklart.

#### Føresegnene

I planforslaget som no er på høyring er retningslinene knytt til omsynssone H570 lite brukarvenlege. Omsynssonene inneheld svært ulike typar kulturminne, og fleire av desse bør ha spesifikke retningsliner. Eit døme er gnr. 48 bnr. 8 og 9, Sangoltshopen. Denne omsynssona er omtala i konsekvensutgreiinga som ein gamal husgrunn der det er foreslått å setje opp ein kopi av eit eldre hus (stova til Per Hope). Eit anna døme er omsynssona i Kvalvågen/Skaganeset. Her finst både automatisk freda kulturminne og kulturminne frå nyare tid, og Sund kommune arbeider her med kultursti for formidling av kulturminna i området. Fylkesrådmannen rår til at det vert knytt spesifikke retningsliner til fleire av omsynssonene H570.

#### Plankartet

Ved Golta er det i planforslaget vist utviding av næringsarealet i sjø, SH, utanfor gnr. 34 bnr. 1,2,3,4. Omlag 100 meter vest for næringsarealet står langhuset på Golta (Askeladden-id 222094), som ligg i omsynssone kulturmiljø i KPA. Nordaust for dette ligg to sjøbuer (Askeladden-id 238896 og 238897). Fylkesrådmannen rår ifrå utviding av næringsarealet med bakgrunn i kulturminneinteressene i området. Dei to sjøbuene på gnr. 34 bnr. 1 Golta har regional interesse som kulturminne. Omsynssone H570 må visast på plankartet, med retningsliner. Fylkesrådmannen rår til at det vert lagt omsynssone H570 over dei to sjøbuene.

For nokre av omsynssonene H570 er det mangelfullt utgreidd korleis nye arealformål i eller ved omsynssoner skal fungere saman med omsynssonene. Eit døme på dette er Trælevika, der nytt arealformål VFR, som opnar for utfylling i sjø, er lagt like ved omsynssone H570. Eit anna døme er det nye arealformålet BKB2, som opnar for bustad, næring, offentleg/privat tenesteyting og naust. Dette nye arealformålet ligg inne i omsynssone H570. Fylkesrådmannen ber Sund kommune vurdere om det bør knytast spesifikke føresegnar til nokre av dei nye utbyggingsformål som ligg like ved eller inne i omsynssoner for bevaring av kulturmiljø.

### Fråsegn frå Riksantikvaren:

(Fråsegna er vedlagt)

«Riksantikvaren uttalar seg her som kulturminnemyndigheit etter kulturminnelova §§ 8, 9 og 15 for følgjande mellomalderkyrkjestader som er omfatta av planforslaget:

- Tyssøy kyrkjestad, Askeladden id 13417
- Sund kyrkjestad, Askeladden id 84999

Mellomalderkyrkjestadane med sikringssone er automatisk freda kulturminne jf. kulturminnelova § 4.

Fylkeskommunen er kulturminnemynde i plansaker etter plan- og bygningslova, og skal gi ein samla uttale til planforslaget på vegne av kulturminneforvaltninga. Fylkeskommunen er også delegert ansvaret for omgjevnadane til listeførte kyrkjer.

Arealformåla nær Tyssøy er H570-bevaring kulturmiljø og LBS-spreidde bustader, mens arealformåla nær Sund kyrkjestad er BGU-grav- og urnelund og BOP-offentleg og privat tenesteyting.

### Om kyrkjestadene

Kyrkja på Tyssøy kyrkjestad (id 135417) er truleg bygd rundt 1300, og skal ha stådd på ei flate midt på bnr.1. Kyrkjestaden utgjer siste rest av eit av 14 kongelege kapell i Norge frå mellomalderen. Garden Tyssøy er første gong nemnd i skriftlege kjelder på byrjinga av 1300-talet, i samband med vigslinga av St. Ludvigs kapell. Garden var i mellomalderen eigd av kongen, og ligg strategisk til på ei øy midt i leia. Kapellet vart innvigd mellom 1305 og 1308, og har truleg vore bygd i gotisk stil. Typisk for gotisk murverk er store byggjesteinar, lik dei to blokkene som ligg att på kyrkjestaden. Det skal også ha vært gjort funn av skjelettrestar og gjenstandsfunn frå graver i området. Det er usikkert når kyrkjestaden gjekk ut av bruk.

Den eldste kjente kyrkja på Sund kyrkjestad (id 84999 ) var ei stavkyrkje med tårn. Byggeåret for denne kyrkja er ikkje kjent, men det er rimeleg å anta at stavkyrkja ble bygd på 1300-talet. Kyrkja er nemnd i skriftlege kjelder frå 1350-talet. I 1673 blei den gamle kyrkja demontert og det blei bygd ei tømmerkyrkje på staden, truleg på same tuft. I 1877 blei ei ny kyrkje bygd litt nord for 1600-talskyrkja, som blei reven i 1878. Etter at kyrkja frå 1877 brann i 1994 blei ei ny kyrkje bygd på same plass. Gravplassen er utvida i fleire omgangar på 18- og 1900- talet.

### Riksantikvaren sine merknader til planforslaget

Planforslaget skildrar i liten grad konkrete tiltak, og våre innspel på dette stadiet er difor generelt. Vi vil understreka at alle dei mellomalderske kyrkjestadene er kulturminne av nasjonal verdi, og at det er viktig at ein ved planlegging av tiltak i kyrkjestadane sine nærmaste omgjevnader tar tilstrekkeleg omsyn til dette. Dei automatisk freda kulturminna er sårbare, ikkje berre i høve til inngrep men også i høve til endringar og tiltak i omgjevnadene. Forbodet mot utilbørleg skjemming av desse kulturminna står difor sterkt i lovverket, jf. kulturminnelova § 3.

For å synleggjere at dei mellomalderske kyrkjestadane er automatisk freda kulturminne, skal dei visast som omsynssone d) bandlagt etter kulturminnelova i plankartet og omtalast i føresegnene jf. pbl. § 11-8, SOSI - kode H-730. Omsynssone d) skal ha svart rutenettskravur.

Sund kyrkjestad er lagt inn med rutenettskravur i oversendt plankart, mens Tyssøy kyrkjestad ikkje ligg inne med korrekt avgrensing. Avgrensinga som ligg inne i plankartet omfattar ikkje heile kyrkjestaden, men eit mindre enkeltminne inne i lokaliteten. Koordinatane for avgrensinga av mellomalderkyrkjestadene ligg i Riksantikvarens database Askeladden, jf. id nummer som vist over.

Riksantikvaren meiner at planen vil verte betre for kommunen sine sakshandsamarar og innbyggjarar dersom den hadde ein spesifikk omtale av viktige kulturminne. Fordi det er einskilde spesielle utfordringar knytt til forvaltinga av mellomalderkyrkjestadene, ber Riksantikvaren om at følgjande tekst knytt til mellomalderkyrkjestadane innarbeidast i kommuneplanens føresegner:

«Den mellomalderske kyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging.

Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova.»

#### Konklusjon

Riksantikvaren ber fylkeskommunen om å samanfatte våre innspel angående mellomalderkyrkjestadene i si fråsegn til høyringsframlegget til kommuneplan for Sund sin arealdel.

Det er med dette ikkje tatt uttrykkeleg stilling til arealbruken jf. kulturminnelova § 8 fjerde ledd.»

#### **Fråsegn frå Museum Vest v/Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum:**

(Fråsegna er vedlagt)

«Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Vårt ansvarsområde, etter føresegn til Lov av 9.juni 1978 nr. 50 om kulturminne, gjeld marine kulturminne og omfattar derfor sjø- og strandområda, samt vann og vassdrag. Bergens Sjøfartsmuseum er etter føresegna til Kulturminneloven marinarknologisk uttalemuseum i forbindelse med alle tiltak som rårar sjøbotnen.

Museet er vidare rette myndigheit til å krevje undersøkingar ved tiltak, planer og utreiingar som vil kunne råke kulturminne under vann, og skal derfor underrettast ved oppstart av alle regulerings- og byggeplanar, samt andre tiltak som omfattar sjøareal. Vi minner om at undersøkingsplikta i Kulturminnelovens § 9 også gjeld for sjøbotnen og i vassdrag. Døme på tiltak i sjø er mudring/graving, utfylling/dumping, legging av vassleidningar, bygging av kaier, brygger, flytebrygger med meir. Særskild for kulturminne i vatn og sjø er Kulturminnelovens § 14 som inneber at skip- og skipslast eldre enn 100 år er statleg eigedom.

Varslinga skal skje gjennom Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, eventuelt med kopi av sakene direkte til oss for uttale. Alle saker må leggjast fram for fylkeskommunen, som er mottak for alle plan- og tiltaksaker. Våre vurderingar av kva for planer som krev særskilte undersøkingar vil bl.a. ta utgangspunkt i føreliggjande kunnskap om førekomstar av kulturminne, eventuelt en vurdering av regulerings-/ tiltaksområdets potensial for marine kulturminne.

Det er fleire kjende marine kulturminne- og kulturminnelokalitetar i Sund kommune. Døme på desse er handels- og gjestgjevarstadane Glesvær, Hummelsund og Håkonssund. I Håkonssund er det ein hummerpark som vurderas å vere frå Hollendertiden på 1600-1700-talet (Askeladden ID: 112835-1). Det er også fleire registrerte skipsvrak, eit vrak av eit tomasters seilskip med skrog av edeltre som er kobberslått er eit døme (Askeladden ID: 124211-1).»

## **4. Innspel til utvalde arealføremål**

I dette avsnittet oppsummerer vi nye arealføremål som er i konflikt med regionale interesser, og korleis planen bør endrast i skjemaet nedanfor. Skjemaet er strukturert etter arealføremål for å få fram korleis regionale interesser samla sett blir påverka av planforslaget.

Arealføremål	Regionale interesser	Tilråding
<b>Bebyggelse og anlegg</b>		
<b>Bustad</b>		
Kleppe KU 18, innspelsnr. 11, 23, 151, 236 og 160(?)	Samordna areal- og transportplanlegging, og landskap. Ein erkjenner landskapsverdiar, middels kollektivtilbod, og at fleire bustader her ikkje støtter opp om Stranda sin utvikling som nærssenter. 151 og 236 er tatt ut. 11 og 23, som særleg vil ha uheldige konsekvensar for landskapsomsyn, er tatt inn i plan utan grunngeving. Krav om felles planlegging, H810 i begge områda, men ikkje lagt inn særskilde krav i føresegnene for H810-sonene her som kan ta i vare regionale landskapsomsyn.	<b>Rår frå innspel 11 og 23</b>
Glesvær KU 59, innsp.nr. 102 og 156, H810_30 og _31	I KU rår ein frå nedbygging av matjord for bustadføremål med H810_30, og i føresegna seier ein at matjord skal sikrast. Likevel har ein tatt inn dette bustadføremålet utan grunngeving. Med omsyn til differensiert arealforvaltningsprinsipp (RATP), skal ein prioritere landbruk, i område utanfor regional vekstsone Bustadføremål med H810_31 har ein rådd til, men dette inneber nedbygging av større friluftsområde og auka intern-/lokaltrafikk i Glesvær. Det vil vere meir tenleg å fortette i område på søraustsida av vegen.	<b>Rår frå begge</b>
<b>Næring</b>		
Kausland, KU 54, (s. 166)	Rådd til med gjennomføringssone H810_14. Ein har allereie eit større, ubygd næringsareal, som ein med dette vil utvide. Arealet ligg innafor sær s viktig friluftsområde. Differensiert arealforvaltningsprinsipp (RATP): Utanfor dei regionale vekstsonene prioriterer ein omsynet til grønstruktur og arealverdiar sterkare. I utbyggingsakar bør difor viktige arealverdiar prioriterast framfor transportreduserande utbygging. I desse områda vil regional grønstruktur, kulturminne, jordbruksareal, biologisk mangfald og landskap leggje sterkare føringar for arealdisponering. Det er ikkje i tråd med dette prinsippet å prioritere utviding av næringsarealet her.	<b>Rår frå</b>
Nordre Toft, KU 29	Strandsona og sjøområda ligg i det svært viktige friluftsområdet Golta-Glesnes. Området er ubygd og er omkransa av områder med ubygd strandsona.	<b>Rår i frå.</b>
Golta, KU 63	Området inngår i landskapsrommet Goltasundet som er eit våg- og sundlandskap. Noko ubygd med næringsverksemd i nord, men elles fritt for inngrep. Utviding av næringsområdet vil omfatte utfylling i sjø	<b>Rår frå</b>

	og sprenging som vil gi store terrenginngrep og endring av landskapskarakter. Området ligg tett på viktige kulturminne og innanfor friluftsområdet Golta-Glesnes som er regionalt svært viktig. Tilkomst til området er og problematisk frå fv 201 og vidare på smal lokalveg.	
Håkholmen, KU 24 (s. 80)	Området gjeld tilrettelegging for utleigehytter på ein holme utan vegtilkomst og utan særleg infrastruktur. Utbygging vil dermed krevje store inngrep på ein lite utbygd holme innanfor eit viktig friluftsområde.	<b>Rår frå</b>
Austefjorden, KU 21, (s. 72)	Konflikt med nasjonale kulturminneverdiar. Ved Austefjorden er det kjend eit stort tal automatisk freda kulturminne frå steinalderen. Fylkesrådmannen er kritisk til at næringsarealet frå gjeldande KPA er vidareført i planforslaget som no er på høyring (BN44). Dette er eit urørt område med store kulturminneverdiar. Det er stort potensial for funn av ytterlegare automatisk freda kulturminne i området. Næringsformålet er i planforslaget også utvida noko samanlikna med gjeldande plan. Arealformålet kan vere i direkte konflikt med ukjende automatisk freda kulturmine, og planforslaget vil fragmentere området, og forringe kulturminneverdiane ved at det vert etablert ein barriere mellom sjøen og dei kjende kulturminna på staden.	<b>Tilrår motsegn</b>
	<b>Friområde</b>	
Visterøy (GF2), KU 10 (s. 40)	Konflikt med nasjonale og regionale kulturminneinteresser. På Visterøy og Buarøy ligg militærhistoriske anlegg frå både andre verdskrigen og frå den kalde krigen, av nasjonal og regional kulturminneinteresse. Buarøy har status som militærhistorisk landskap verneklasse 2 i Landsverneplan for Forsvaret. Arealformål GF2 og omsynssone H810_16 på Visterøy kan vere i direkte konflikt med kulturminneinteressene. I konsekvensutgreiinga for planforslaget vert det vist til at det ikkje er kjend kulturminne i området, noko som gjer at konsekvensane planlagde arealformål kan få for det militærhistoriske anlegget ikkje er utgreidd. I følgje planomtalen opnar formålet for kaianlegg for ekspressbåt og enkle overnattingshytter eller gapahukar med enkel standard og for kortvarig opphald. Hordaland fylkeskommune kan ikkje seie seg einig i arealbruken når eventuelle negative konsekvensar for kulturminna ikkje er utgreidd.	<b>Tilrår motsegn</b>
<b>Landbruk- natur og friluftformål</b>		
	<b>Spreidd bustad</b>	
Vorland, KU 63 (s. 119)	Rådd frå i KU, men tatt inn i planen. Strir mot omsyn til regionale landskapsområde og friluftsliv, då arealet ligg i registrert viktig friluftsområde med høg brukarfrekvens og eit kulturlandskap som er sårbart for dominerande inngrep og oppdeling. Jf. differensiert arealforvaltningsprinsipp i RATP, bør viktige arealverdiar prioriterast utanfor regionale	<b>Rår frå</b>

	vekstsoner, framfor utbygging.	
Høyland, KU 15	Rådd frå, delvis tatt inn utan grunngeving. Landskaps- og friluftslivomsyn bør prioriterast her, jf. differensiert arealforvaltning i RATP.	<b>Rår frå</b>
<b>Spreitt næring</b>		
Lerøyna, KU 8 (s. 35) LSN4	Rådd frå i KU, men tatt inn i plan utan grunngeving, og strir mot differensiert arealforvaltningsprinsipp.	<b>Rår frå</b>
<b>Bruk og vern av sjø og vassdrag</b>		
<b>Småbåthamn</b>		
Høylandsvika, KU 14	Området ligg i ein lukka våg i landskapsområde Førdespollen av landskapstypen våg- og smalsundlandskap. I landskapsanalysen til kommunen er det tilrådd at kulturlandskapa og strandsona omkring Høylandsvika vert ivaretatt. Arealet ligg også i eit område som er definert som eit regionalt viktig friluftsområde i sjø.	<b>Rår i frå.</b>
Hamre, KU 27	Arealet er delvis utspregd og planert med kaifront og fylling, men tilkomst til området krev nytt veganlegg som vil gi store terrenginngrep og landskapskonsekvensar. Konsekvensutgreiinga har difor tilrådd at arealet på land bør bli redusert og ein kan etablere flytebrygger av mindre omfang. Dette er ikkje følgt opp i plankartet.	<b>Rår til endring, at kartet vert endra i tråd med tilrådinga i konsekvensutgreiinga.</b>
Vorland, KU 38	Området har ingen vegtilkomst per idag, og etablering av ny veg vil gi store terrenginngrep i bratt og eksponert terreng.	<b>Rår i frå.</b>
Eidesund , KU 40	KU rår til eit mindre antal båtplassar i vest. Ein har likevel nytta småbåthamnføremålet. Bør bli endra til småbåtanlegg.	<b>Rår til endring.</b>
Glesnes, Vollen, KU 57	KU rår til at det ikkje vert etablert hamn, men fellesnaust på land med flytebryggjer. Plankartet opnar likevel for småbåthamn.	<b>Rår til endring.</b>
Hummelsund, KU 34 (s. 110)	Hordaland fylkeskommune ber om at arealformål VS Hummelsund vert tatt ut av planforslaget, då arealformålet legg til rette for ei innsnevring av sundet og utilbørleg skjemming av kulturmiljøet Hummelsund.	<b>Rår ifrå</b>
<b>Hamneområde i sjø</b>		
SH i Austefjorden KU 21 (s. 72)	Hamneområde i sjø vil forringe kulturminneverdiane i området. Konflikt med nasjonale kulturminneverdiar.	<b>Tilrår motsegn</b>

## 5. Oppsummering

Sund kommune har sendt kommuneplanen sin arealdel på høyring med frist 13. desember 2019. Rulleringa av planen gjeld utvalde tema, og er forankra i gjeldande planstrategi vedtatt i Sund kommunestyre 13. juni 2016. Sund kommune vil frå 01.01.2020 vere del av nye Øygarden kommune. Arealdelen til kommuneplanen inneheld plankart, føresegner, planskilddring og konsekvensutgreiing (KU). I tillegg føreligg delrapport om funksjonell strandsone og kunnskapsgrunnlag knytt til areal for akvakultur.

Skogsskiftet er i dag kommunesenter i Sund, men etter samanslåing med Øygarden og Fjell, vil Skogsskiftet få status som lokalsenter. Sund kommune arbeider med Skogsskiftet i kommunedelplan og detaljregulering. Desse planane blir ikkje handsama i denne saka.

Sund kommune har valt tre hovudtema for rulleringa: bustadutvikling, næringsareal og tilgang til sjø for allmenta. Folkehelse skal vere eit overordna fokus i planarbeidet. Desse prioriteringane speglar arealstrategiane i kommuneplanen sin samfunnsdel, vedteken juni 2018. Etter fylkesrådmannen si vurdering har forslag til kommuneplanen sin arealdel for Sund kommune mål og føringar som på fleire område er godt i samsvar med ønska regional utvikling og med regionale planar. Fylkesrådmannen har likevel nokre merknader til einsskilte tema, gitt nedanfor.

Fylkesrådmannen vurderer at planmaterialet som omfattande, men noko uoversiktleg. Dette gjeld særleg tilhøvet mellom kart og konsekvensutgreiing, men også sjølve plankartet er prega av overlappande, unøyaktige liner.

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet (RATP) legg føringar for arealforvaltninga i området, som også femner om Sund kommune. Eit hovudprinsipp i planen er fortetting i vekstsona og prioritering av effektiv kollektivtransport. Kommunen ligg utanfor planen sin definerte vekstsona, og prinsippet om differensiert arealforvaltning er difor særleg relevant for kommuneplanen sin arealdel (KPA) i Sund. Her skal areal for landbruk, naturmangfald, landskap, kulturmiljø og friluftsliv takast særleg omsyn til.

Fleire bustadbygg i Sund ligg i føremål avsett til større samanhengande landbruk-, natur- og friluftsføremål (LNF). Kommunen ønsker ikkje å vidareføre desse bustadene i LNF-formål, og har difor vurdert meir eigna formål for desse i planframlegget. Fylkesrådmannen vurderer at dette er eit godt grep. Samstundes ser ein at det er tatt inn areal i plankartet som etter fagleg vurdering var rådd frå i konsekvensutgreiinga, og i liten grad grunngeve desse. Utvikling av nokre av desse areala vil råke både landbruk og landskapsverdiar, friluftsområde og sårbart kulturlandskap. Fylkesrådmannen meiner kommunen skulle vore meir konsekvent her, og stør dei faglege frårådingane.

I planskildringa har ein gjort ei god framstilling av eksisterande bustadareal, og erkjenner at i framtida vil einhushald auke. Ein har ikkje vist ei framstilling av bustadarealreserve eller tal på bustader etter føreliggande plan. Jamfør RATP bør bustadplanlegging vere basert på prognoser for utvikling i befolkning og hushaldssamansetting, slik at behovet er definert på bustadtype. I planframlegget legg ein likevel framskriving med 2,5 personar i hushalda til grunn. Fylkesrådmannen meiner at bustadarealreserven og bustadreserve bør bli gjort synleg i planen.

Senterstruktur, hierarkiet mellom dei ulike senternivåa og senterutstrekning er særleg viktige fokus i Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026. Sund kommune har arbeidd med senterstruktur, og legg opp til 5 nærsenter: Stranda/Forland, Klokkekarvik, Spildepollen, Telavåg og Glesvær. Skogsskiftet vil vere lokalsenter i nye Øygarden kommune. Klokkekarvik, Glesvær og Telavåg er trekt fram som historiske nærsenter. Dette er eit høgt tal prioriterte senter, som ligg relativt tett. Fylkesrådmannen stiller spørsmål ved om det vil vere tenleg å legge til rette for fleire bustadareal i alle senterområda, og vil vidare rå til at ein særleg arbeider vidare med senterstruktur inn i ny kommune. Vidare vil fylkesrådmannen rå kommunen til å vere enda tydelegare i prioriteringa av dei ulike senterområda, og avgrense bustadutviklinga der det manglar trafikksikker tilkomst og eit tilfredstillande kollektivtilbod til daglege gjeremål.

Fylkesrådmannen vurderer det som positivt at Sund kommune sikrar klimagassreduksjon gjennom føresegnar som syter for at naturverdiar som bidreg til lagring eller minska utslepp blir tatt i vare. Kommunen har òg fokus på klimavennleg byggeri med tanke på material og energiforsyning. Fylkesrådmannen vil også peike på at kommunen vidare bør vurdere fare for flaum og overvasskader med tanke på framtidig nedbørsmengd.

Fylkesrådmannen vil framheve at det er positivt at Sund kommune fokuserer på folkehelse gjennom nærturterreng og vidare arbeid for å sikre mangfald i bustadtilbodet. Vi vil dessutan peike på verdien av å legge til rette for gode og uformelle sosiale møteplassar.

I Sund kommune har ein mykje verdifult landskap og friluftsområde, og fylkesrådmannen registrerer at dette er kartlagt og verdsett gjennom prosjekt i Sund. Det vil vere ei føremon om dette blei gjort meir synleg i planarbeidet.



Sund kommune har gjennomført ei kartlegging av funksjonell strandsone, som inneber analyse av strandsona sin kvalitet og verdi knytt til biologisk mangfald, landskap, kulturmiljø, bygningsmiljø og tilgjenge for allmenta. Fylkesrådmannen finn det svært positivt at kommunen her gjennomført ei slik kartlegging, meiner delrapporten som er utarbeidd gjev eit god fagleg grunnlag for planlegging i strandsona.

Etter fylkesrådmannen si vurdering er omfanget og talet på småbåthamner noko stort, og kommunen har heller ikkje gjennomført ei overordna vurdering av det samla behovet i kommunen, og kor det er mest eigna for å legge til rette for nye småbåthamner. Vidare meiner fylkesrådmannen at arealføremålet småbåthamn bør nyttast på anlegg for småbåtar som er opne for allmenta, og ikkje knytt til nærare fastsette eigedomar. Dette må etter fylkesrådmannen si vurdering bli endra før planvedtak for at planen skal kunne vere eit juridisk haldbart og leseleg dokument.

Fylkesrådmannen meiner at kommunen planlegg områda for akvakultur slik at ein tar høgd for næringsutvikling både med omsyn til omstrukturering av lokalitetane og moglegheit for ny teknologi og nye arter.

I føresegnene til planen legg Sund kommune opp til på bakgrunn av eigen vurdering knytt til art og/eller omfang, kan krevje reguleringsplan. Fylkesrådmannen vurderer at det ikkje er tenleg at Sund kommune vil sette krav om reguleringsplan for områder til akvakultur, då dette blir teke i vare gjennom arealføremål i KPA og vidare gjennom fylkeskommunen sin handsaming av søknader etter akvakulturlova.

Fylkesrådmannen ser det som positivt at Sund kommune har lagt fram eit planforslag som bidreg til å sikre freda og verneverdige kulturminne. Fylkesrådmannen ser likevel at tema kulturminne og kulturmiljø er mangelfullt utgreidd, og fleire av arealføremåla tatt inn i kartet, er i konflikt eller tett på kulturminne og regionalt viktige kulturmiljø. Ei rekke automatisk freda kulturminne er ikkje vist med omsynssoner i plankartet, fleire er vist med feil geometri og er ikkje kopla mot retningslinene på ein forståeleg måte. Fylkesrådmannen saknar omtale av krigsminne, og vidare ei vurdering av potensial for funn av automatisk freda kulturminne for nye arealformål der det ikkje er kjend automatisk freda kulturminne like i nærleiken.